



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 21, 2. juni 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Siste dagane for dei første studentane

Onsdag 25. mai vart det halde ei markering for det første kullet av studentar som har gått dei femårige grunnskulelæruddanningane (GLU 1-7 og GLU 5-10) ved Høgskulen i Volda.

Markeringa vart halden i fin stil med mange bunadkledde studentar og tilsette.

**[LES MEIR](#)**



### Høgskulen i Volda har vorte yngre

Gjennomsnittsalderen på dei tilsette på Høgskulen har gått nedover dei siste åra. Frå 2020 til 2021 gjekk gjennomsnittsalderen ned frå 48 til 45 år. Høgskulen i Volda har dermed den yngste staben blant alle dei statlege høgskulane.

**[LES MEIR](#)**

## Studium og studentliv:

## **Bachelorstudentane på AKF held framsyningar og utstillingar denne veka.**

Ved Design, kunst og handverk har bachelorstudentane utstilling på Gamlegymnaset. Denne er open tysdag til torsdag (31. mai til 2. juni) frå kl. 16.00 til kl. 19.00. 16 studentar stiller ut arbeidet sitt. Ved Teater og drama vert det arrangert Bachelorfestival heile torsdag og fredag (2. og 3. juni). Her er det berre å droppe innom teatersalen for gode framsyningar.

## **MAGLU: Over 40 studentar har levert masteroppgåver**

Våren 2022 har dei første studentane på dei "nye" femårige grunnskulelærerutdanningane kome i mål og har levert sine masteroppgåver. Tala viser at 25 har levert på MAGLU 5-10, 16 har levert på MAGLU 1-7 og 2 har levert på den erfaringsbaserte masteren, i alt 43 studentar. Dei to siste åra har Høgskulen i Volda uteksaminert 80 masterstudentar, og MAGLU-studentane kjem altså i tillegg til desse. Høgskulen vil dermed for første gong truleg passere 100 masterkandidatar på eitt år.

## **Rektorbloggen: Tjuvstart på fadderveka, og første førstelektorsamling**

Fadderveka 2022 har hatt ein aldri så liten tjuvstart med kick-off for fadderane hausten 2022 på Rokken. Og så har vi hatt den aller første samlinga for framtidige førstelektorar. Kjekt å få helse på og helse til dei begge! Les helsingane i rektorbloggen.

## **Søker om midlar til lærarutdanning i Kristiansund**

Høgskulen i Volda har i samarbeid med [Campus Kristiansund](#) og Møre og Romsdal fylkeskommune søkt om midlar frå HK Dir til lærarutdanningstilbod i Kristiansund. Høgskulen har sendt to søknader: Ein som gjeld planlegging og drift av Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) som er utvikla av PPU-miljøet med studieleiar PPU [Bjørnar Sæterås](#) som prosjektleiar. Den andre søknaden gjeld planlegging av Grunnskulelærerutdanning (GLU) i Kristiansund og med studieleiar GLU [Eivind Patrick Hanevik](#) som prosjektleiar. For GLU blir det berre søkt om midlar til planlegging. Seniorrådgivar [Ole Frank Bakken](#) har vore involvert i begge søknadene. Høgskulen søker om midlar innanfor ordninga: «Tilskotsordningar for å styrke tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning». [Les meir om tilskotsordninga på HKDir sine nettsider.](#)

## **Kantina sommarstenger 24. juni**

Kantina har sin siste opningsdag før ferien fredag 24. juni og opnar igjen 8. august.

## Menyen i kantina i neste veke

Måndag: Stengt. 2. pinsedag

Tysdag: Fiskegryte med poteter/Løksuppe

Onsdag: Lasagne med salat og smør/Tacosuppe

Torsdag: Potetball med tilbehør/Brokkoli/purre-suppe

Fredag: Tacobuffet

## Pensumlister for hausten 2022: 85 prosent har levert

Frist for å levere pensumlister til biblioteket i Leganto har i år som dei siste åra vore 15. mai. Alle tilsette har fått detaljert informasjon om dette. Biblioteket har pr 1. juni gjort ferdig 189 emne av i alt 255. Nokre emne ligg i køa for å bli ferdig, og så manglar det pensumlister frå 43 emne, eller ca. 15 prosent. Samanlikna med i fjor har det vorte levert fleire lister og biblioteket har også gjort ferdig fleire lister, så det er betring. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

## Studentprisen 2022: Frist for nominasjon er 12. juni

Kjenner du ein student som har lagt inn ein ekstra innsats i år for å betre studiekvaliteten? Kanskje fleire studentar som i lag har engasjert seg spesielt hardt i ein studentorganisasjon eller som har teke eit ekstra engasjement i klassa di for å samlast sosialt under pandemien? Om svaret var ja på minst eit av desse spørsmåla, så ønskjer Studentparlamentet, Studentsamskipnaden i Volda og Høgskulen i Volda at du tek deg tid til å [nominere den eller dei studentane - innan 12. juni](#).

## Utdanningsutvalet: MA i barnevernsarbeid, evaluering av bachelor i historie

Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda hadde møte 1. juni 2022 og drøfta blant anna planane for ny master i barnevernsarbeid og opplegg for evaluering av nettbacheloren i historie. [Les sakspapira på nettsida til Utdanningsutvalet](#).

## Høgskulepedagogikk: Samarbeid med Høgskolen i Molde

Alle tilsette på Høgskulen i Volda har fått tilsendt informasjon frå Silje Ims Lied med informasjon og tilbod om emne i høgskulepedagogikk hausten 2022-våren 2023. Nytt av året er at også tilsette ved Høgskolen i Molde kan vere med på emna. Emna som blir tilbodne er i tillegg til pedagogisk basiskompetanse: Digital didaktikk, rettleiing av mastergradsstudentar, rettleiing på kvantitativ metode og formidling i høgare utdanning. [Dei som vil delta på kurs sender søknad på denne lenka](#). Søknadsfristen er 25. august 2022. [Les meir om utdanningsfagleg kompetanse på nettsidene våre](#).

# Fag og forskning

## Professor Ellen Lexerød Hovlid held tiltredingsførelesing 14. juni

[Professor Ellen Lexerød Hovlid](#), AMF, held tiltredingsførelesning tysdag 14. juni kl. 14.00. Lexerød Hovlid blei tilkjent professorkompetanse i 2022. Ho er tilsett på Institutt for journalistikk og professor i medierett. Tittelen på tiltredingsførelesinga er: Jakten på den gode balansen – forskning på avveiningen mellom yringsfrihet og andre hensyn. Forskingsutvalet har tidlegare oppmoda fagmiljøa til å legge til rette for at nye professorar held tiltredingsførelesingar slik at det breiare fagmiljøet, studentar og andre skal få vite meir om den faglege interessa til nye professorar. [Les meir på nettsidene våre](#).

## Werenskjold har slutført internasjonalt prosjekt

[Professor Rolf Werenskjold](#) har i fleire år vore norsk representant og ein del av leiinga i eit EU-prosjekt med tittelen "[Cost Action-NEP4Dissent \(2017-2022\)](#)" med den fullstendige tittelen: [New Exploratory Phase in Research on East European Cultures of Dissent](#). No er prosjektet avslutta og sluttrapporten er klar og Werenskjold har vore ein av forfattarane. [Rapporten kan lesast her](#).

I tillegg til Werenskjold har også fleire tilsette på Avdeling for mediefag delteke på konferansar og seminar ved ulike østeuropeiske og sentraleuropeiske universiteter: [Førsteamanuensis Thomas Lewe](#), [høgskulelektor Endre Eidsaa Larsen](#) og [førsteamanuensis Burcu Peksevgen](#). Andre HVO-tilsette har også delteke i arrangement som også har vorte halde i Volda - blant anna eit eige seminar om Aust-Europeisk animasjon og film. Seminaret i Volda la grunnlaget for publisering av eit eige [spesialnummer i Historical Journal of Film, Radio and Television i 2021](#).

## SEANSE: Stor aktivitet i 2021

Seanse (Senter for kunstproduksjon) ved Høgskulen i Volda har lagt fram årsrapport for aktiviteten i 2021. Aktiviteten i Seanse tok seg kraftig opp i 2021 etter kraftig stopp i koronaåret 2020. Men liten aktivitet 2020 gjorde også at det var ledige midlar tilgjengeleg i 2021. Det største arrangementet var Småkunstfestivalen som vart arrangert i samarbeid med blant andre Den norske opera og ballett. I alt deltok 76 kunstnarar på kunstnaropphald i regi av Seanse - men på grunn av korona var det berre norske kunstnarar som fekk delta i 2021. Seanse er også involvert i prosjektet NYN2021 som har som føremål å gi meir nynorsk i den kulturelle skulesekken og gjennomførte ein serie nettseminar om spelkompetanase. [Les meir om Seanse og aktivitetane deira på nettsidene](#).

## Forskingsutvalet: Sårkornmidlar og forskingsmelding

Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda har møte 2. juni 2022 og på dagsorden står blant anna framlegg til tildeling av såkornmidlar og framlegg til forskingsmelding for 2021. [Les sakspapira på nettsidene til Forskningsutvalet.](#)

## Medielærarar har fått permisjon - skal jobbe i nasjonale organisasjonar

To tilsette på Avdeling for mediefag har fått eitt års permisjon for å arbeide i nasjonale medieorganisasjonar. [Førstelektor Tormod Utne](#) har vorte tilsett som rådgivar i Norsk Presseforbund og skal særleg arbeide med presseetikk opp mot sjølvdømmeorganet Pressens faglege utval. [Førstelektor Jørgen Lyngvær](#) har vorte tilsett i Forsvarets mediesenter og skal særleg arbeide med podcast.

## Styre og stell:



## Aasenkvartalet: Fylket vil vere med

Fylkesdirektør Ottar Guttelvik meiner at Møre og Romsdal Fylkeskommune bør gå i samtalar om samarbeid med Volda kommune og Volda utvikling AS om samarbeid om Aasenkvartalet. Fylkesdirektøren ser føre seg eit samarbeid over same lest som Norsk maritimt kompetansesenter i Ålesund og Campus Kristiansund. Fylkespolitikarane får saka til behandling både i kultur-, næring- og folkehelseutvalet og i utdannings-

og kompetanseutvalet. Deretter skal saka vidare til fylkesutvalet, før endeleg behandling i fylkestinget 20. juni. [Les meir på nettsidene til Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

## Tid for sommaravslutningar

Einingane på Høgskulen i Volda held sine tradisjonelle sommaravslutningar i juni - i år heilt utan koronarestriksjonar. Her er datoane:

- 9.6. Avdeling for kulturfag
- 9.6. Fellesadministrasjonen
- 20.6. Avdeling for samfunnsfag og historie
- 21.6. Felles for alle på HVO
- 22.6. Avdeling for mediefag
- 23.6. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

# Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon frå forskningssjef Henriette Hafsaas om å til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilkåra for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre.](#)

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

### **Jane Austen for første gong på nynorsk: I omsetting ved Marie Nedregotten Sørbø**

[Professor Marie Nedregotten Sørbø](#), AHL, har omsett romanen "Northanger Abbey" av Jane Austen. Den har kome ut i serien Skalds klassikarar på Skald forlag. Det er første gong denne romanen er omsett til norsk, og første gong noko av Austen kjem på nynorsk. [Les meir om boka på nettsidene til Skald forlag](#). Les også [Skald forlag sin omtale av Marie Nedregotten Sørbø](#).

### **Tafjord om Geirangerfjord: Bruk av historia i verdsarvområdet**

[Førsteamanuensis i historie Harald E. Tafjord](#), ASH, har skrivt ein artikkel i siste utgåva av tidsskriftet Heimen med tittelen "Eld som slokna? Historiebruk i Storfjorden/Verdsarvsområdet Geirangerfjord". Artikkelen handlar om historieskrivinga i Storfjorden/Verdsarvområdet Geirangerfjord og korleis lokalthistorikarar har omtala området. Tafjord skriv særleg om kva som kjenneteiknar historiebruken til nestoren Sakarias Ansok men også andre som seinare har skrivt om folket på fjell- og fjordgardene ved Storfjorden. [Artikkelen kan lesast her](#).

### **Ola Teige om "Norske provinsmatadorar"**

[Førsteamanuensis i historie Ola Teige](#), ASH, har skrivt ein artikkel om dei historiske maktforholda i Kragerø på 1600-1700-talet, og artikkel har tittelen «Norske provinsmatadorer: familien Adeler og makten i Kragerø ca. 1620–1760». Artikkelen er utgitt i ein antologi om maktforholda i nordiske byar i tidleg nytid og er redigert av Knut Dørum: "Hvem styrte byene? Nordisk byhistorie 1500–1800.", Antologien er utgitt på forlaget Cappelen Damm Akademisk. [Boka er utgitt under Open tilgang-vilkår og kan lesast fritt](#).

### **Okkenhaug har redigert bok: "Transnasjonale perspektiv på sekularitet og religion" - fleire bidrag frå Volda**

[Professor Inger Marie Okkenhaug](#), ASH, er saman med Karina Hestad Skeie redaktør på den nye boka "[Transnasjonale perspektiv på sekularitet og religion. Norske aktører, ideer, forhandlinger og praksis 1846–1986](#)".

Okkenhaug og Skeie har også skrive innleiingskapitlet i boka, og Okkenhaug har i tillegg bidrege med eit kapittel sjølv. Kapitlet har tittelen: [«... et sosialt, kulturelt og først og fremst et kristelig arbeide.» Kvinnelige misjonsarbeidere, transnasjonale nettverk og lokal forankring, ca. 1900–1935.](#)

[Dosent Birger Løvlie](#), AHL, har skrive eitt kapittel i boka: "[Et transnasjonalt evangelium? Dwight L. Moodys innflytelse i Skandinavia](#)".

[Stipendiat Madeleine Zetterlund Stenhammer](#), ASH, har skrive eit kapittel med tittlen: [«\[E\]t Redningsarbeide i den kristelige Kjærligheds Tjeneste.» Svanviken 1908–1986: Fra misjon til miljøarbeid?»](#).

Boka har kome ut på Universitetsforlaget under Open tilgang-vilkår så den er gratis tilgjengeleg for alle.

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Sivolda: Barne- og ungdomsarbeidar (barnehagen) - søknadsfrist 6. juni 2022**

Er du ein engasjert barne- og ungdomsarbeidar? På jakt etter ein kjekk og utfordrande jobb? Røysmarka studentbarnehage har ledig vikariat i barnehageåret 2022/23. Vi søker ein person med relevant utdanning og gode samarbeidsevner, som kan vere med å skape ein god kvardag for barna. Det er ei 60% stilling, med moglegheit for meir. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene til Sivolda.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor i nyare historie (vikariat) - søknadsfrist 13. juni 2022**

Ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie, Høgskulen i Volda er det ledig eit vikariat i 100 prosent stilling som førsteamanuensis/førstelektor i nyare historie frå 1.januar 2023 til 31. juli 2023. Vikariatet kan verte forlenga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Professor/dosent i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

- 1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
- 3.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
- 9.-12.06.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta
- 9.6.2022: Sommaravslutning AKF
- 13.06.2022: [Fagdag om Tarje Vesaas](#), HVO
- 14.06.2022: [Nettverkstreff: Kvinnar innan forskning ved HVO](#)
- 14.06.2022: [Tiltredingsførelesing, professor Ellen Lexerød Hovlid](#)
- 16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen
- 20.6.2022: Sommaravslutning ASH
- 21.6.2022: Felles sommaravslutning, BK Kantina
- 22.6.2022: Sommaravslutning AMF
- 23.6.2022: Sommaravslutning AHL, BK Kantina

## Hausten 2022:

- 16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
- 4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
- 23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

2.6.2022: [Helsing til det første kullet på den \(nesten\) siste skuledagen](#)  
1.6.2022: [Første førstelektorsamling](#)  
31.5.2022: [Fadderveka 2022: Kick-off i mai](#)  
10.5.2022: [Tilstandsrapporten 2022: Kva seier den om Høgskulen i Volda?](#) (oppdatert)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)  
[Twitter](#)  
[Instagram](#)  
[Youtube](#)  
[HVO-bloggar](#)  
[Nynorsksenterets blogg.](#)  
[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)  
[Studentradioen](#)  
[Radio Volda](#)  
[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)